



Årets lokalavis

HALLINGDØLEN

Hallingdølen har imponert og inspirert det siste året. Redaksjonen lager mykje god og grundig journalistikk. Nyheitsdekninga har god breidde, kritiske spørsmål og forklaringar. I tillegg får lesarane dei gode historiane og gladsakene.

Dekninga av ekstremvêret Hans og valet er gode døme på at Hallingdølen tek samfunnsoppdraget på alvor og utan tvil er viktig for innbyggjarane. Også oppfølginga av desse og andre saker viser at redaksjonen går djupare og stiller viktige spørsmål ut over den løpande refereringa.

Redaksjonen imponerer med historieforteljinga si, og lesarane kjem tett på folk. Eit godt døme er podkasten om trippeldrapet på Geilo, som nådde langt utanfor grensene for dekningsområdet.

Særleg i papiravisa kjem det tydeleg fram at avishuset har høg avismakerkompetanse. Avisa er visuelt tiltalande, godt redigert med god balanse og god miks, samstundes som ho er prega av originale grep. Avisa vil mykje, og får til mykje. Om dei får dette like godt fram i nettavisa, er Hallingdølen ein vinnar.

Juryen, Hamar 16. mars 2024

Eivor Jerpåsen

Torry Pedersen

Hanna Thorsen